

Sak til områdeutvala i Helsefellesskapet i Bergensområdet



Praksis knytt til vurdering av utskrivingsklare pasientar

Dato	28.08.23
Saksinnmeldar	Grete Lill Hjartnes, Samhandlingssjef i Helse Bergen
Kva gjelde saka?	Orientering om praksis knytt til vurdering av utskrivingsklare pasientar
Sakskategori (Orientering - drøfting - avgjerd/vedtak)	Orientering
I kva områdeutval er saka aktuell?	OU Bergensregionen og OU Voss
Saksnummer (påførast av SSe)	Sak 33-23

Bakgrunn

I Områdeutvalet for Bergensregionen sitt møte i april 2023 vart Helse Bergen bedt om å orientere utvalet om sjukehuset sin praksis knytt til vurdering av utskrivingsklare pasientar. Følgjande saksgrunnlag inneheld ei kort orientering om kva føringar som ligg til grunn når spesialisthelsetenesta skal vurdere om ein pasient er utskrivingsklar. Saksgrunnlaget gjer og kort rede for korleis Helse Bergen arbeider for at tilsette i sjukehuset skal kjenne til og og nytte avtaleverk og interne rutinar og retningslinjer slik dei skal.

Når ein i spesialisthelsetenesta skal vurdere om ein pasient er utskrivingsklar skal ein leggje til grunn vilkåra i [Forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar](#).

§ 9. Vilkår for at en pasient er utskrivningsklar

Pasient i somatisk døgnavdeling er utskrivningsklar når lege ved helseinstitusjon omfattet av spesialisthelsetjenesteloven vurderer at det ikke er behov for ytterligere behandling ved døgnopphold i helseinstitusjonen. Pasient i psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert behandling for rusmiddelavhengighet er utskrivningsklar når lege eller psykolog ved helseinstitusjon omfattet av spesialisthelsetjenesteloven vurderer at det ikke er behov for ytterligere behandling ved døgnopphold i helseinstitusjonen. Vurderingen skal være

basert på en individuell helsefaglig og psykososial vurdering, og følgende punkter skal være vurdert og dokumentert i pasientjournalen:

a. problemstillingen(e) ved innleggelse, slik disse var formulert av innleggende lege, skal være avklart

b. øvrige problemstillinger som har fremkommet skal være avklart

c. dersom enkelte spørsmål ikke avklares skal dette redegjøres for

d. det skal foreligge et klart standpunkt til diagnose(r), og videre plan for oppfølging av pasienten

e. pasientens samlede funksjonsnivå, endring fra forut for innleggelsen, og forventet framtidig utvikling skal være vurdert.

For pasienter i psykisk helsevern skal tvangstiltak og bruk av tvangsmidler som ikke kan videreføres i den kommunale helse- og omsorgstjenesten være avsluttet før pasienten er utskrivningsklar.

For pasienter i psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert behandling for rusmiddelavhengighet med behov for kommunale helse- og omsorgstjenester etter utskrivning, skal helseinstitusjon omfattet av spesialisthelsetjenesteloven ved behov, og før pasienten er utskrivningsklar, også kalle inn relevante samarbeidspartnere for å starte arbeidet med å utarbeide en samlet plan for videre behandling og oppfølging, herunder plan for eventuell samtidig poliklinisk eller ambulant behandling i spesialisthelsetjenesten.

For pasienter i psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert behandling for rusmiddelavhengighet med behov for samtidig poliklinisk eller ambulant behandling i spesialisthelsetjenesten skal det før pasienten er utskrivningsklar også etableres kontakt med ansvarlig enhet eller behandler i spesialisthelsetjenesten.

0 Endret ved [forskrift 22 des 2016 nr. 1871](#) (i kraft 1 jan 2017).

Korleis jobbar Helse Bergen med vurdering av utskrivningsklare pasientar?

I dialogen mellom kommunar og spesialisthelsetenesta er tolking av lovverk, avtalar, retningslinjer og praksis knytt til inn- og utskrivning jamleg drøfta. Kommunane melder attende at dei opplever at pasientane vert meldt utskrivningsklare tidlegare no enn før og at pasientane som kjem attende til kommunane jamt over har meir omfattande behandling- og hjelpebehov no enn tidlegare. Spesialisthelsetenesta melder om stor innstraum av pasientar og behov for meir avklaringar knytt til kva kommunane skal og kan ta av oppgåver knytt til vidare behandling og oppfølging.

Helse Bergen har fokus på at våre tilsette kjenner til og nyttar forskrifta og våre interne rutinar og retningslinjer slik dei skal. Det vert gitt opplæring samt at ein har ulike pågåande prosjekt og tiltak som kan medverke til meir kunnskap. Til dømes prosjekt «Trygge overgangar ved inn- og utskrivning» der helsepersonell på tvers av profesjon får opplæring i viktige område i samhandlinga knytt til våre felles pasientar.

Som eit resultat av prosjektet er det oppretta ressurspersonar knytt til samhandling ute i klinikkar/avdelingar. Desse skal kunne litt meir om samhandling, få delta i jamlege samlingar og bidra til å spreie kunnskap og kompetanse på eigen avdeling.

I tillegg vil Helse Bergen sjå om det er andre tiltak som kan vera aktuelle for å sikre at forskrifta sine vilkår vert følgt samt at dei vert delt i dokumentasjon på ein måte som bidreg til god samhandling og samarbeid på tvers av kommune og føretak.

I samhandlinga og samarbeidet vil det og være behov for dialog om kva kommunen skal og kan tilby av behandling, oppfølging og tenester etter opphald i spesialisthelsetenesta. Det er skilnad mellom kommunane når det gjeld kompetanse og kva behandling/tilbod dei kan gje.

Tal syner at kommunane i Helse Bergen sitt opptaksområde arbeider godt med mottak av pasientar som er meldt utskrivingsklare.

Både kommunane og føretaket er opptekne av rett pasient på rett plass til rett tid.

Forslag til vedtak

Områdeutvalet i Bergensregionen tek saka til orientering